



Vår dato:

30.11.2022

Vår ref:

2020/13917

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Janne Weltzien Listhaug, 5557 2139  
Sverre Høynes, 5557 2270

## Fråsegn til kommunedelplan for helse, sosial og omsorg, Alver kommune

Vi viser til oversending dagsett 14. oktober 2022.

Statsforvaltaren ser det som positivt at Alver har utarbeidd ein kommunedelplan for helse, sosial og omsorg. Målet med kommunedelplanen er å følgje opp mål i kommuneplanens samfunnsdel, og skal synleggjere overordna vegval for sektoren i planperioden. Planen gir ei generell oversikt over berekraftsmåla, og viser til det felles medverknadsopplegget de har hatt for utarbeiding av samfunnssdelen til kommuneplanen, og kommunedelplanar for helse, sosial og omsorg og for oppvekst

### Utfordringsbilde og kopling til vidare planarbeid

I folkehelselova paragraf 6 heiter det at kommunen i sitt arbeid med kommuneplanar etter plan- og bygningslova kapittel 11 skal fastsette overordna mål og strategiar for folkehelsearbeidet som er eigna til å møte dei utfordingane kommunen står overfor med utgangspunkt i folkehelseoversikta, etter folkehelselova paragraf 5. Det er ikkje tydeleg om kommunedelplanen er kopla til folkehelseoversikta i kommunen.

Kommunedelplanen peikar på utfordringar som at ungdom er meir einsame, og færre ventar å få eit godt liv. Uføregraden i Alver er høgare enn landssnittet og graden unge uføre er høg. Det er om lag 500 barn i Alver som lever i låginntektshushald og låginntekta har auka. De ventar fleire eldre, og fleire tenestemottakarar og innbyggjarar som vil få behov for kommunale tenester og institusjonsplass. De viser til ein auke i talet innbyggjarar med demenssjukdom, og at de må sikre tilstrekkeleg og kvalifisert arbeidskraft.

Kommunedelplanen for helse, sosial og omsorg er tydeleg kopla til kommuneplanens samfunnsdel, og spesielt målet «innbyggjarane i Alver har god livskvalitet, trygge oppvekstvilkår og god helse». Handlingsplanen viser kva de ønskjer å oppnå i kommunedelplanen, og korleis og i kva planar de skal gjere det. Vi meiner at planen verkar godt gjennomarbeidd. De løftar relevante mål, strategiar og vidare planarbeid i oversikta, i tråd med utfordringsbildet de skisserer. De skal mellom anna utarbeide planar for demensomsorga, det førebyggjande arbeidet, legetenesta, psykisk helse og



rusmeistring og handlingsplan mot vald i nære relasjoner. De vil jobbe systematisk med medverknadsarbeid frå brukarar og pårørande, jobbe målretta med kompetanse og rekruttering og eit aldersvenleg samfunn.

### Utjamning av sosial ulikskap i helse

Sentralt i folkehelselova er utjamning av sosial ulikskap i helse, og kommunedelplanen har fleire mål og strategiar som vi meiner kan bidra til utjamning. De har mellom anna ein strategi om at de ikkje har barnefattigdom i Alver – som de skal jobbe med i plan for førebygging, og gjennom å vidareføre arbeid med familiesatsing. Vidare har de strategiar for å få fleire til å delta i arbeidslivet, og forpliktande og tett samhandling mellom sektorar for å førebyggje sosiale utfordringar og prioritere tidleg innsats. De skal ha eit system for å trygge overgangen frå opplæring og skule til arbeid for personar som har vanskar på arbeidsmarknaden, vidareutvikle og auke kapasiteten innan friskliv-, lærings- og meistringstilbod, ha tidleg innsats som førande prinsipp på alle tenestenivå i aktivitets- og meistringstrappa, og prioritere ressursar innan førebygging og tidleg innsats i heile livsløpet. De løftar også at de skal vidareutvikle tilbod og møteplassar som kan bidra til å førebyggje sosial ulikskap og fattigdom.

### Bustadsosialt arbeid

Det er positivt å sjå at kommunen legg vekt på bustadsosiale omsyn i plan. Vi ser dette både i samfunnssdelen til kommuneplanen, og i kommunedelplanen for helse, sosial og omsorg. De gir tydelege signal om at de skal utarbeide ein bustadsosial handlingsplan med eit konkret kunnskapsgrunnlag og detaljerte tiltak. Det vil derfor vere viktig å framheve betydninga av [Nasjonal strategi for den sosiale boligpolitikken \(2021-2024\)](#) under nasjonale føringer i kapittel 2.2. Vi vil spesielt vise til kapittel 3 i strategien – «Sosial bærekraft i boligpolitikken», som legg vekt på betydninga av at kommunen legg til rette for attraktive og tilgjengelege bustader og buområde for heile befolkninga. Dette inkluderer vanskelegstilte på bustadmarknaden, som til dømes bustadlause, personar med funksjonsnedsettingar og barnefamiliar med låginntekt. Kommunen må derfor sjå den sosiale bustadpolitikken i samanheng med den breie bustadpolitikken i kommunen.

Vi ønskjer lukke til med det vidare arbeidet.

Med helsing

Linda Svor  
seksjonsleiar

Janne Weltzien Listhaug  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*